

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 15.8.2013

Høyringsuttale om Skåro kraftverk i Kvam herad, Hordaland

Me viser til brev datert 10.3.2014 med søknad frå grunneigarane v/Nils Tore Skaar om løyve til utbygging av Skåroelva i Kvam herad i Hordaland, NVE saksnr 201104129.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) går imot den planlagde utbygginga. Den representerer eit stort inngrep i eit unikt fjordlandskap som har eit tilnærma urørt preg, og fordi så mykje av vassdragsnaturen i Kvam frå før av er utbygd eller planlagt utbygd. Utbygginga medfører dessutan tap av biologisk mangfald, raudlisteartar og verneverdige naturtypar.

Generelt om tiltaket

Det planlagde Skåro kraftverk er berekna å gje 9 GWh i middels årsproduksjon. Kraftverket planlegg å nytta eit fall på 350 meter i nedste del av Skåroelva frå vassinntaket på kote 355 til kraftstasjonen på kote 5. Vassvegen er planlagt på den austlege sida av elva som delvis nedgraven røyrgate og røyrgate i dagen med ei total lengd på 1450 meter. Det er planlagt ei overføring av dei to bekkane aust for Skåroelva. Den sørlegaste bekken er planlagt overført til den nordlege bekken ved hjelp av ein sperredam og nedgraven røyrgate. I den nordlegaste bekken er det planlagt eit vassinntak på kote 355 som vert kopla til røyrgata frå vassinntaket i Skåroelva. Det er planlagt bygging av kaianlegg ved kraftstasjonen. Ei eventuell utbygging vil føra til redusert vassføring 1030 av elvestrekninga.

Hydrologi

I søknaden vert det opplyst at Skårøelva har ei maksimal slukeevne på 1275 l/s, og det blir søkt om slepp av ei minstevassføring på 40 l/s i sommarsesongen og 15 l/s resten av året. Sommarsesongen vert ikkje nærmare definert, men sjølv med 40 l/s blir dette ei svært brutal reduksjon i vassføringa, med tanke på den kritiske perioden om hausten og eventuelle tørrår.

Ved overføringsfeltet til dei to bekkane som er planlagt overført til Skårøelva, er det planlagt minstevassføring på 4 l/s sommar og 1 l/s vinter. I realiteten vert desse bekkane tilnærma tørrlagde.

Skårøelva var tidlegare ei stor elv, men utbygging i fjellet på 60-talet fjerna hovudtilføringa av vatn. I dag består Skårø derfor berre av restvassføring. At vassføringa allereie er redusert styrkar behovet for ikkje å redusera den ytterlegare.

Biologisk mangfald og raudlisteartar

Utbygging av Skårøelva vil medføra ei rekke negative konsekvensar for naturmangfaldet. Området er vurdert inn i det øvste sjiktet av middels verdi for biologisk mangfald. Ei eventuell utbygging kjem i konflikt med fire verneverdige naturtypar, herunder den sterkt truga naturtypen slåttemark, og den sterkt truga vegetasjonstypen elvemosesamfunn, dessutan fleire raudlisteartar.

Artar hamnar på raudlista når risikoen for å verta utrydda går over eit bestemt nivå. Raudlista skal vera eit grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfaldet. Ifølgje Artsdatabanken har heile 87 % av dei truga og nær truga artane hamna på raudlista som direkte konsekvens av menneskeskapte arealendringar i artane sine leveområde.

Verdifulle naturtypar

Bekkekløft

Bekkekløft/bergvegg er ein viktig naturtype for biologisk mangfald, kategorisert til verdi B (viktig). Verdien i bekkekløft/bergvegg ligg i stabile fukttilhøve, og dei har stor verdi for lavfloraen nasjonalt. Heile 45 % av alle raudlisteartar er påvist i bekkekløftområde. Vasskraftutbygging er blant dei to største trugsmåla mot bekkekløfter. Ei eventuell utbygging i Skårøelva vil drastisk endra fukttilhøva og medføra negative konsekvensar for denne naturtypen og det store naturmangfaldet i den.

Dersom Skårøelva vert bygd ut vert nesten heile den råka elvestrekninga liggande innanfor bekkekløftlokaliteten. Elvejuvet er ikkje undersøkt for raudlisteartar då framkomelegheita er vanskeleg. Likevel vert kunnskapsgrunnlaget vurdert som tilstrekkeleg og potensialet for raudlisteartar i bekkekløfta er rekna som middels. Dette er me usamde i. Når 45 % av alle raudlisteartar er å finna i bekkekløfter er det svært sannsynleg at det finst raudlisteartar i den ikkje undersøkte bekkekløfta i Skårøelva. Å gje konsesjon for Skårø kraftverk utan tilstrekkelege undersøkingar av naturmangfaldet vil vera eit brot på Naturmangfaldlova § 8 sitt krav om kunnskapsbasert forvaltning.

Slåttemark

Slåttemark er ein sterkt truga (EN) naturtype som bidreg til å oppretthalda viktige økosystemtenester i tillegg til å vera levestad for mange truga artar. Slåttemarka i influensområdet vert vurdert som lokalt viktig (verdi C). Utbygging er blant dei største trugsmåla mot slåttemark, og nedbygging vil raskt redusera eller slå heilt ut det biologiske mangfaldet som er knytt til det råka arealet.

Då konsesjonssøkar planlegg å grava opp delar av slåttemarka for å leggja røyrkata gjennom, vil dette verka svært negativt inn på denne sterkt truga naturtypen.

Rik edellauvskog

Dei norske førekomstane av edellauvskog utgjer dei nordlegaste utpostane i verda av denne naturtypen, og me har derfor eit særskilt ansvar for å sikra desse førekomstane. Edellauvskog er ein av våre rikaste vegetasjonstypar med stort biologisk mangfald og høg produksjon. Edellauvskogane er levestad for mange sjeldne og truga dyreartar.

Ei utbygging av Skårøelva vil medføra inngrep i rik edellauvskog klassifisert som verdi B (viktig). Røyrkata, som vil krevja eit belte på 15 meter rydda skog, vil gå gjennom edellauvskogen kor det er registrert to raudlista, nær truga artar: Alm (NT) og ask (NT).

Potensialet for at det finst fleire raudlisteartar i den rike edellauvskogen vert rekna som middels i konsesjonssøknaden. Kunnskapsgrunnlaget er etter vårt syn ikkje tilstrekkeleg for å tillata inngrep i denne viktige naturtypen.

Mose og lav

Langs den eine sidebekken som er planlagt overført til Skårø kraftverk, veks teppe av mose, inklusive elvemose. Ei eventuell utbygging vil medføra at denne elvemosen vert eliminert, og konsekvensen vert i konsesjonssøknaden vurdert til å vera stor

negativ. Elvemose er ein vegetasjonstype som er sterkt truga (EN) på Vestlandet. Eit så omfattande inngrep er ikkje forsvarleg.

Fugl

Som det framgår av konsesjonssøknaden er det ikkje gjort formelle ornitologiske registreringar; kunnskapen om fuglelivet i influensområdet må derfor reknast som mangelfull.

Det framgår av konsekvensutgreiinga at området er viktig for spettar og ugler, dessutan finst det godt med fossekall langs elva, som har nasjonal status. Ei eventuell utbygging vil føra til dårlegare vilkår for insektsfaunaen som fossekallen og andre fugleartar mellom anna lever av. Det meste av næringa får fossekallen likevel av botndyr i elva. Trass i at utbygginga kan ramma fossekallen, er det ikkje kartlagt kva botndyr som eksisterer i Skåroelva, og det er ikkje gjort utgreingar om korleis desse vert påverka av den reduserte vassføringa. Dette er i strid med kravet om kunnskapsbasert forvaltning i § 8 i Naturmangfaldlova.

Tidlegare har hubro vore observert i området. Dette er ein sterkt truga art (EN). Då det ikkje er gjort ornitologiske registreringar kan ein ikkje utelukka at den framleis finst i området. Også dette punktet er i strid med Naturmangfaldlova. I tillegg har ein lokal informant observert to tidlegare raudlista spetteartar, gråspett (NT) og dvergspett (VU).

Kultur og landskap

Den veglause garden Skåro ligg innanfor influensområdet, og er ein gard som er peika ut som eit verdifullt kulturlandskap i Hordaland fylke med status som regional verdi. Det er svært få gardar att av denne typen, og den er representerer ei viktig kulturoppleving lokalt, regionalt og nasjonalt. Skåroelva er eit synleg landskapselement og ein viktig del av kulturmiljøet sitt heilskapsinntrykk. Redusert vassføring, røyrgate, kraftlinje og kaianlegg med kraftstasjon vil forringa det framleis urørte preget og området sin opplevingsverdi.

Brukarinteresser

Fykkesundet er ein unik fjord som trass i fleire utbyggingar framleis framstår som nokså urørt. Området er populært for turgåarar og turistar, spesielt sommarstid. Ved ei eventuell utbygging vil røyrgata kryssa turstien under Skåro to gonger, og stien

kryssar også dei to sidebekkane som er planlagt overført. Heilskapseffekten av ei utbygging vil verka forringane for natur- og kulturopplevinga.

Konklusjon

Dei negative konsekvensane av ei utbygging av Skåro vil verta så store for naturmangfald, verneverdige naturtypar, fugleliv og Fykkesundet sin opplevingsverdi, at Naturvernforbundet Hordaland på det sterkaste vil oppmoda NVE om å avslå søknaden. Det herskar dessutan uhaldbar usikkerheit kring konsekvensane for ikkje-kartlagte raudlisteartar.

Den samla effekten av utbygginga vil gå utover fleire raudlista artar, få negative konsekvensar for dei to sterkt truga naturtypane slåttemark og elvemosesamfunn og vil redusera livsgrunnet for fossefallen. Dersom både Skåro og Kastdalselvi vert utbygd vert alle dei tre elvane av ein viss storleik på austsida av fjorden vera regulerte. Om begge får konsesjon vil det dessutan råka dei tre største bekkekløftene som går ut i Fykkesundet.

På bakgrunn av dette kan Naturvernforbundet ikkje sjå at fordelane ved ei utbygging av Skåro veg opp for ulempene.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar og sakshandsamar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energi departementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, Postboks 7310, 5020 Bergen